



UNIVERSITETET I BERGEN

Styre
Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Arkivreferanse
2025/242
Styresak
11/25

Dokumentdato
03.04.2025
Møtedato
06.05.2025

Protokoll frå Studiestyret 05.03.25

Vedlegg

1 Protokoll frå Studiestyret 05.03.25

Møteprotokoll

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Dato: 05.03.25.

Tid: kl.12.15-14.00.

Møtestad: Styrerommet, Harald Hårfagresgate 1.

Møtt:

Svein Ivar Angell, Aidan Conti, (frå sak 8 LLE), Franz Knappik (vara FOF), Birger Solheim (IF), Christian Sæle (AHKR), Kjersti Aarstein (SKOK), Gry Ane Lavik (UB). Fillip R. Jakobsen (studentrepresentant) og Maria S. Økland (studentrepresentant).

Meldt forfall:

Jesse Tomalty (FOF).

Frå administrasjonen:

Julie Alver Tønsaker, Ayla Tessem, Ellen Vikersveen, Hanne Svanholm Misje og Rebekka Nistad.

Observatører: Helga Ramstad Vatsaas. (LLE), Deirdre Smith (IF), Jacob Hoffman (AHKR)

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent.

II Godkjenning av protokoll frå 15.01.25

Godkjent.

III Orienteringssaker

SAK 6/25 Rapport frå arbeidsgruppa for ny EVU-strategi ved HF

I møte kom det innspel på at EVU-strategien må ta høgde for at arbeidet /undervisninga skal dekkast av faste tilsette. Strategien må være fleksible slik at nye tilskotsordningar på EVU området, kan følgast opp med

aktuelle tilbod. Det kom vidare innspel om at det er etterspurnad etter tematikk knytt til kjønn og mangfald på EVU-området, og at sentra ved fakultetet burde vore meir synlege i rapporten".

Innspel frå Studiestyret vil bli innarbeidd i saka som skal opp i fakultetsstyret.

SAK 7/25 Orienteringssak om rekrutteringskampanjen og nettsider (munnleg).

Ayla Tessem orienterte om rekrutteringskampanjen som er delt på sosiale medium fram til søknadsfristen 15. april. Det blei også ein kort visning av nye nettsider for UiBs studietilbod.

SAK 8/25 Orientering om redesignprosessen av bachelorprogrammet i arabisk (munnleg) .

Hanne Misje orientert om studieplanen for bachelorprogrammet i arabisk. Studieplanen er oppbygd slik at studentane kan velje studieretning som anten kvalifiserer for opptak til masterprogrammet i historie ved UiB eller masterprogrammet i arabisk ved UiO. Studieplan er gjeldande frå hausten 2025.

IV Drøftingssaker

SAK 9/25 Nytt fellesemne i første semester: LES100 – Les og skriv

Steinar Bøyum orienterte om nytt fellesemne i førstesemester som er obligatorisk for alle bachelorgrader ved HF. Arbeidsgruppa har landa på emnenamnet LES100: Les og skriv. Emnet består av tre komponentar: lesing, skriving og bruk av KI. Emnet vil byggja på dagens Akademisk skriving, med større vektlegging på lesing av tekstar.

Arbeidet vidare er å organisere eit felles førstesemesterforum og eit førstesemesterråd og å arbeida for å få heile førstesemester til å fungera som ein heilskap.

SAK 10/25 Status frå institutta: Studieporteføljeprojektet

Undervisningskoordinatorane og studieleiarane ved institutt og einingar gjorde greie for framdrifta i arbeidet med emnepakkar og fellesemne i etterkant av seminaret 14/2.

V Vedtakssaker

SAK 11/25 Ekstern fagfellerapport for lektorutdanningane ved HF

Vedtak Studiestyret tar rapporten til orientering.

Bergen, 07.03.25.

Svein Ivar Angell
visedekan

Julie Alver Tønsaker
studiesjef